

Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Referatet er ikkje endeleg godkjend før etter neste instituttrådsmøte 31.10.2007. Merknader til referatet må meldast til arve.uthaug@if.ub.no før dette møtet.

Møtedato: 3. oktober 2007.

Til stades: Frå gruppe A: María Álvarez-Solar, Margareth Hagen, Kjetil B. Henjum, Benedicte Irgens¹, Lene Johannessen, Pernille Myrvold, Margery Vibe Skagen,
Frå gruppe B: Anders A. Didriksen
Frå gruppe C: Jan A. Johansen, Julie T. Watkins
Frå gruppe D²: Silje Drevdal
Frå instituttleiinga møtte Leiv Egil Breivik og Arve Kjell Uthaug, begge utan røyserett. Ludmila I. Torlakova møtte òg utan røyserett.

Instituttleiar Leiv Egil Breivik ønskte velkomen til det første møtet i rådet ved Institutt for framandspråk.

Sak 1 – orienteringssaker

- A. Fakultetsstyremøtet 2. oktober gav tre personar ved Institutt for framandspråk opprykk til professor: Sissel Læg Reid, Kevin McCafferty og Aud Solbjørg Skulstad.
- B. Fakultetsstyremøtet 2. oktober tilsette to nye stipendiatar ved Institutt for framandspråk: John Erik Sætren på arabisk og Øyvind Gjerstad på fransk.
- C. Instituttleiar orienterte om oppstarten av Institutt for framandspråk (IF). Han syntest oppstarten hadde gått fint og at mykje no var kome i godt gjenge. Det står att å etablera fleire forskingsgrupper. Det er meininga at desse gruppene skal veksa fram nedanfrå, og forskingsgruppene bør vera på plass før utgangen av vårsemesteret 2008.
- D. Administrasjonssjef Uthaug orienterte kort om rekneskapen for 2007. Rekneskapen blir ført på dei gamle institutta ut året, men vi reknar med at resultatet blir slått saman for heile IF til slutt. Situasjonen er noko uoversiktleg på grunn av samanslåinga, men det ser ikkje ut til å vera grunn til uro for rekneskapen 2007. På møtet tidleg i desember bør det leggjast fram førebels rekneskapsoversyn for 2007 og budsjettopplysningar for 2008.
- E. Instituttleiar har planar om eit halvdagsseminar for fagkoordinatorar, programkoordinatorar, studentrepresentantar og andre seinare i semesteret.
- F. Fakultetsstyret hadde 2. oktober ein førebels diskusjon av budsjettet for Det humanistiske fakultetet. Fakultetsleiinga ønskjer å sjå nærare på småfaga ved HF under eitt. Vi veit ikkje kva som vil koma ut av dette. Italiensk vil få ei ledig stilling på grunn av avgang til våren, og her hastar det med å få avklara ny utlysing.
- G. Instituttleiar vil setja i gang ein runde med korte medarbeidersamtalar i november. Administrasjonssjefen og studieleiaren gjennomfører medarbeidersamtalar med dei administrativt tilsette i oktober.

¹ Japansk har pr i dag ingen fast tilsette, men Irgens, som er fagkoordinator for japansk, møter inntil vidare som ”stand in”.

² Studentane skal ha fire representantar og fire varafolk i instituttrådet. Førebels er det berre valt to representantar, men det blir arbeidd med å rekruttera fleire.

H. 20. og 21. november er det leiarsamling ved HF-fakultetet. Instituttleiarane og administrasjonssjefane ved institutta deltek på samlinga.

Sak 2 – Konstituering av instituttrådet

Breivik gav Margareth Hagen i oppgåve å vera ordstyrar for konstitueringa og resten av rådsmøtet. Sidan dei aller fleste som var møtt fram på møtet, var vararepresentantar, var det vanskeleg å velja leiar og nestleiar for instituttrådet. Rådet valde derfor å utsetja konstitueringa til neste møte. Hagen og Margery Vibe Skagen får ansvaret for å koma med framlegg til leiar og nestleiar til neste møte.

Sak 3 – Drøfting av instituttrådet si rolle

Møtet hadde ei kort drøfting av rolla til instituttrådet. Retningslinene for rådet ligg på heimesida til instituttet (under ”For ansatte”).

Sak 4 - Møteplan for hausten 2007

Det blir sett opp to møte til for hausten 2007:

Onsdag 31. oktober kl. 12.15

Onsdag 5. desember kl. 12.15

Sak 5 – Retningsliner for undervisningsutvalet ved Institutt for framandspråk

Uthaug orienterte kort om utkastet til retningsliner. Det ser ut til å bli visse variasjonar i funksjonen til undervisningsutvala mellom dei ulike HF-institutta. Viktigaste skilnaden gjeld sannsynlegvis behandlinga av studieplanar. Her legg vårt utkast opp til at utvalet skal bli orientert om alle endringar i etterkant, og altså ikkje uttala seg før endringane blir gjort.

Watkins meinte ein fagleg koordinator for den integrerte lærarutdanninga på framandspråk (dersom det blir utpeikt ein slik), bør med i utvalet. Ho foreslo òg at dei administrative koordinatorane for studieprogramma ved instituttet burde med i undervisningsutvalet.

Vedtak (samrøystes): Rådet vedtek, med dei to endringane frå Watkins, framlegget til retningsliner for Utval for undervisning og internasjonalisering ved Institutt for framandspråk.

Retningslinene for undervisningsutvalet ligg på heimesida til instituttet under ”For ansatte”.

Margareth Hagen,
møtestyrar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef